



Vaksdal kommune

## MØTEINNKALLING OMBODSUTVALET

**Møtedato:** 01.10.2020  
**Møtested:** Sosialrommet, Turbinen  
**Møtetid:** 10:00 - 11:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost [lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no](mailto:lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no)

Orienteringar:  
Gjennomføring av kommunestyremøtet 27.10 og 15.12.

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
11/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
12/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
13/2020	FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERSLE OG VELFERDSGODER I VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND FYLKESKOMMUNE - TIL HØYRING

28. september 2020

Renathe Vik  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2020	Ombodsutvalet	PS	01.10.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/1333

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2020	Ombodsutvalet	PS	01.10.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/1333

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Vedlegg:**

Protokoll - Ombodsutvalet - 16.09.2020

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



# MØTEPROTOKOLL

## OMBODSUTVALET

**Møtedato:** 16.09.2020  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 14:00 - 15:30

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Nestleiar
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Arne Normann	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Renathe Vik	SP	Arne Normann

---

### Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland  
Assisterande rådmann Åse Elin Myking  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
05/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
06/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
07/2020	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
08/2020	DIREKTESENDING AV POLITISKE MØTER
09/2020	FJERNMØTER FOR FOLKEVALDE ORGAN
10/2020	UTARBEIDING AV FORSKRIFT OM GODTGJERING TIL FOLKEVALDE I VAKSDAL



**KOMMUNE**

**05/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Ombodsutvalet 16.09.2020**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend

**OMB - sak 05/2020 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**06/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Ombodsutvalet 16.09.2020**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend

**OMB - sak 06/2020 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**07/2020: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**



Saka vert teke til orientering.

**Ombodsutvalet 16.09.2020**

**Behandling:**

Assisterande rådmann Åse Elin Myking orienterte om dei tre ulike spørsmålsformane som kan nyttast under kommunestyremøte, og reglar for desse.

Dette gjeld:

**Munnlege spørsmål**

Vaksdal kommune har open spørjerunde med munnlege spørsmål som får munnlege svar. Svar på spørsmåla vert ikkje protokollert. Spørsmåla vert stilt til ordførar som kan be rådmannen om å svara.

**Skriftlege spørsmål**

Skal meldast i god tid, før møtet. Skriftlege spørsmål har kort spørsmålsform og er ikkje gjenstand for debatt. Spørsmål og svar vert protokollert.

**Interpellasjonar**

Dette er førespurnader som gjeld prinsipielle spørsmål som interpellanten ønskjer debatt om. Interpellasjonen må gjelda saker som naturleg høyrer inn under kommunestyret sitt verkeområde. Kommunelova stiller krav om forsvarleg utgreiing. I staden for å realitetsbehandle konkrete forslag bør ein vedta at rådmann utgreier ei sak. Denne presiseringa bør innarbeidast i kommunen sitt reglement.

Utvalet drøfta dei ulike spørsmålsformane og ba om at dette vart teke inn i reglementet og tatt med i arbeidet knytt til temasamling "Slik fungerer kommunestyret best"

Assisterande rådmann Åse Elin Myking informerte deretter for reglar som gjeld for saker er på sakskartet og orienteringssaker.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**OMB - sak 07/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert teke til orientering.

---

**08/2020: DIREKTESENDING AV POLITISKE MØTER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune tilbyr publikum og andre å følgja Kommunestyret, Formannskap, Levekår og Bygdeutvikling via kommune-tv.

Direktesending av møter skal også vurderast dersom situasjonen tilseier at det ikkje er mogleg å



delta som publikum i opne møter for andre folkevalde organ.

**Ombodsutvalet 16.09.2020**

**Behandling:**

Ombodsutvalet drøfta saka.

Boris Groth, Frp la fram forslag om å legge inn Administrasjonsutvalet i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Boris Groth sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**OMB - sak 08/2020 Vedtak/Tilråding:**

**Ombodsutvalet si innstilling til Kommunestyret:**

Vaksdal kommune tilbyr publikum og andre å følgja Kommunestyret, Formannskap, Administrasjonsutval, Levekår og Bygdeutvikling via kommune-tv.

Direktesending av møter skal også vurderast dersom situasjonen tilseier at det ikkje er mogleg å delta som publikum i opne møter for andre folkevalde organ.

---

**09/2020: FJERNMØTER FOR FOLKEVALDE ORGAN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek at alle folkevalde organ i kommunen kan halde politiske møter som fjernmøter.

**Ombodsutvalet 16.09.2020**

**Behandling:**

Rådmann Atle Fasteland orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**OMB - sak 09/2020 Vedtak/Tilråding:**

**Ombodsutvalet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret vedtek at alle folkevalde organ i kommunen kan halde politiske møter som fjernmøter.



---

**10/2020: UTARBEIDING AV FORSKRIFT OM GODTGJERING TIL FOLKEVALDE I VAKSDAL KOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ombodsutvalet

**Ombodsutvalet 16.09.2020**

**Behandling:**

Utvalet drøfta saka.

Boris Groth, Frp la fram forslag om å gjennomføre nytt møte i ombodsutvalet før formannskapet vedtek å leggje lokal forskrift ut til høyring. Dette for å kunna behandle rådmannen sitt framlegg før det gjekk vidare til formannskapet. Foreslått dato for møte: 1.10.20, med utsending av innkallinga 28. 09.20.

I plan for utarbeiding av forskrift vert ombodsutvalet teke ut som høyringsinstans sidan utvalet er ansvarleg for vidare behandling. Utval for bygdeutval vart lagt inn.

Plan for gjennomføring med endringar vart samrøystes vedteke.

**OMB - sak 10/2020 Vedtak/Tilråding:**

Ombodsutvalet legg fram følgjande plan for gjennomføring av lokal forskrift:

<b>Plan for utarbeiding av forskrift om godtgjering til folkevalde</b>	<b>Dato:</b>
Gjennomgang grunnlag for lokal forskrift i Ombodsutvalet	16. sept
Ombodsutvalet handsamar rådmannen sitt forslag til lokal forskrift. innkalling vert sendt ut 28. september	1.oktober
Formannskapet vedtek å legge ut forslag om lokal forskrift på høyring	13. okt
Høyringsperiode. Forslaget vert kunngjort og sendt til høyring hjå eldreråd, ungdomsråd, RMNF, AMU, administrasjonsutvalet, levekårsutval og bygdeutviklingsutvalet i kommunen.	13. okt – 6 .nov
Ombodsutvalet behandlar høyringssvar og utkast til forskrift	17. nov
Formannskapet gjev si innstilling i saka	1. des
Kommunestyret vedtek lokal forskrift	15. des

---





**Vaksdal kommune**



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2020	Ombudsutvalet	PS	01.10.2020
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen		19/1344

### FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERSLE OG VELFERDSGODER I VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND FYLKESKOMMUNE - TIL HØYRING

#### Vedlegg:

Utkast til ny lokal forskrift  
Reglement for godtgjering til folkevalde pr 250618 (L)(128003)  
Grunnlag for samanlikning av ulike satsar i ulike kommunar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande punkt vert endra/lagt til i forskrifta:.....

Utkast til «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Vaksdal kommune, Vestland Fylkeskommune» vert lagt ut på høyring.

#### Saksopplysningar:

Ny kommunelov slår fast at tidlegare fastsette reglar for dekking av utgifter, økonomisk tap og arbeidsgodtgjersle etter kommunelova av §§41 og 42 skal gjevast som ei forskrift. Jamfør forvaltingslova §37 skal kommunestyret påsjå at saka er så godt opplyst som mogleg gjennom ein høyringsperiode.

*«Forvaltningsorganet skal som hovedregel sende forslaget til berørte virksomheter og organisasjoner for uttalelse før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Dette kalles høring eller forhåndsvarsel. Hensikten med høringen er å gi de virksomhetene og organisasjonene som vil bli berørt, en mulighet til å fremme sine synspunkter. Der det er nødvendig for å opplyse saken, skal forslaget også sendes til andre.»*

Ombudsutvalet vedtok i møte 16.09.20, sak 10/2020, følgjande gjennomføringsplan:

<b>Plan for utarbeiding av forskrift om godtgjering til folkevalde</b>	<b>Dato:</b>
Gjennomgang grunnlag for lokal forskrift i Ombudsutvalet	16. sept
Ombudsutvalet handsamar rådmannen sitt forslag til lokal forskrift. innkalling vert sendt ut 28. september	1.okt.
Formannskapet vedtek å legge ut forslag om lokal forskrift på høyring	13. okt
Høyringsperiode. Forslaget vert kunngjort på kommunen si nettside i avisa og sendt til høyring hjå Eldreråd, Ungdomsråd, RMNF, Administrasjonsutvalet, Levekårsutval og Bygdeutviklingsutvalet i kommunen.	13. okt. – 6 .nov.
Ombudsutvalet behandlar høyrings svar og utkast til forskrift	17. nov.
Formannskapet gjev si innstilling i saka	des.
Kommunestyret vedtek lokal forskrift	15. des.

Forskrifta skal utformast ut frå fastsette reglar, på ein slik måte at det kjem fram det som er nødvendig å kjenne til for å fremja rettar og krav. Utgangspunktet for vedlagde forskrift er gjeldande «Reglement for godtgjersle til folkevalde» sist oppdatert av kommunestyret 26.06.2018.

Satsane i reglementet er oppgjeve i %. Tabellen under viser satsane som gjeld frå 1.1.2020 i kroner:

<b>SATSAR</b>		
	<b>2020</b>	<b>Merknad</b>
<b>Ordførar</b>	889197	Fast årleg godtgjersle
<b>Varaordførar</b>	177839	Fast årleg godtgjersle
<b>Kommunestyrerepr</b>	8892	Fast årleg godtgjersle
<b>Formannskapsmedlemer</b>	44460	Fast årleg godtgjersle
<b>Levekårsutvalet</b>	17784	Fast årleg godtgjersle
<b>Leiar Levekårsutvalet</b>	26676	Fast årleg godtgjersle
<b>Leiar godtgjersle</b>	1070(670+400)	Per møte
<b>Møtegodtgjersle</b>	670	Per møte
<b>Ulegitimert tapt arb.fort.</b>	160	Per time
<b>Maksbeløp uleg. tapt. arb.fo</b>	1070	Per dag
<b>Km-godtgjersle</b>	4,03	
<b>Passasjertillegg</b>	1,00	Frå 01.01.

I møte 10. mars 2020 drøfta Ombudsutvalet satsar for godtgjersle samanlikna med andre kommunar. Mellom anna vart det drøfta nivå for fast godtgjersle i dei ulike organa og avvik mellom dei ulike kommunane. Vedlagd i saka ligg eit oppdatert utgangspunkt for drøftingane. I tråd med ombudsutvalet sitt ønske er det lagt inn eit tal møter for å kunna samanlikna kommunar med fast godtgjersle mot kommunar med godtgjersle pr møte. Utgangspunktet er tal møter oppgjeve i Vaksdal sin møtekalendar.

I utarbeiding av forskrift har rådmannen følgd gjeldande reglementet i dei tilfelle der dette er

mogleg, men ber ombudsutvalet om å vurdere innhaldet for følgjande:

- I dagens reglement er det ikkje inn ein sum for dekking av utgifter som til dømes til barnepass og liknande. Rådmannen ber utvalet om å vurdere å setje inn ein sats pr dag/time (§ 3 første ledd b.)
- Kommunestyret vedtok i sak 04/2020 å gje medlemmer i kommunestyret og kontrollutvalet eit eingongstilskot til kjøp av IKT utstyr på kr 5000 pr valperiode. Dette er lagt inn i ny forskrifta §3 2. ledd.
- I dagens reglement er det ikkje sett av ein makssum for tapt arbeidsgodtgjersle legitimert. Andre kommunar vel også å dekke tapt arbeidsforteneste med 100 %, medan andre igjen har sett makspris. Rådmannen ber utvalet om å vurdere å setje makspris for tapt legitimert arbeidsgodtgjersle (§ 3 første ledd c).
- §3 tredje ledd i utkast til forskrift inneheld ein setning om justering av ulegitimert timegodtgjering. Dette vart vedteke i sak 49/2018, men ikkje lagt inn i gjeldande reglement.
- Bygdeutvikling er eit nytt utval med delegert mynde. Rådmannen har vurdert det som at utvalet skal ha same faste godtgjersle som for Levekårsutvalet med utgangspunkt i at dei har same møtefrekvens og er vekta på same nivå når det gjeld saksmengd til behandling (§ 5 første ledd d).
- Røystestyrene under valgjennomføringa mottek godtgjersle som at dei har delteke i eitt folkevald møte. Tilbakemelding frå medlemmer og leiarar er at dette er nokså liten sum samanlikna med tal timar dei arbeider i vallokala på valdagen og kvelden. Rådmannen ber om at Ombudsutvalet vurdere å gje dei eigen sats i reglementet som er dobla samanlikna med ordinær godtgjersle pr. møte (§5 1. ledd f), g) mot h), i).
- Ettergodtgjersle for ordførar var i vårt reglement ikkje i samsvar med gjeldande lovverk. Gjeldande reglement opna for at ordførar kunne motta godtgjersle samtidig som ein fekk anna løn i 1 ½ månad. Denne er no oppdatert i høve til kommunelova §8-6 (§ 7).
- Varaordførar får i dagens reglement godtgjersle tilsvarande 20 % av ordførargodtgjersla. I forslag til ny forskrift er det i tillegg lagt inn at varaordførar vert frikjøpt i ei 20 % stilling. (§6 3. ledd). Det er han i dag. Dersom varaordførar skal få dekka andre utgifter/etter §§ 4.3 ledd og 5, må dette leggest inn i forskrifta. Dette er ikkje spesifisert i gjeldande reglement.

Lokal forskrift vert lagt fram for Ombudsutvalet til drøfting og justeringar. Lokal forskrift med innstilling vert lagt fram for Formannskap/ plan, og økonomiutvalet i møte 12. oktober.

# **Forskrift [dato] om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Vaksdal kommune, Vestland Fylkeskommune.**

Fastsett av Vaksdal kommunestyre [dato] med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner §§ 8-2, 8-3, 8-4, 8-5, 8-6, 8-7, 8-9, 8-10.

## **§ 1 Føremål**

Forskrifta skal leggje til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å ta del i lokalpolitikken.

## **§2 Verkeområde**

Forskrifta gjeld for medlemmer og varamedlemmer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar som ikkje får dekkja godtgjersle eller utgifter av organet sjølv i kraft av sitt verv.

## **§ 3 Rett til dekking av utgifter og økonomisk tap**

Den som har et tillitsverv i Vaksdal kommune har krav på:

- a) skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering for reiser i samband med vervet
- b) dekking av utgifter som følgje av vervet, også utgifter til andre for å utføre naudsynte arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein i samband med utføring av vervet ikkje sjølv kan utføre
- c) erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet

Faste medlemmer i kommunestyret og kontrollutvalet får utbetalt eller utdelt IKT- utstyr for bruk til sitt verv, tilsvarande kr 5000 for ein valperiode.

Krav etter første ledd skal setjast fram for politisk sekretariat, så snart som mogleg og seinast innan 3 månadar etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, vert likevel dekkja dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på anna vis.

## **§ 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap**

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a vert gjeve for reiser i tråd med staten sitt reiseregulativ.

Utgifter etter § 3 første ledd bokstav b vert dekkja med inntil kr XX per dag/time etter følgjande satsar:]

Tapt inntekt etter 3 første ledd bokstav c vert dekkja med inntil kr XXXX per dag for dokumenterte tap. Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 160 pr. time og avgrensa oppover til 0,12% av ordførargodtgjersla pr. dag. Timegodtgjeringa vert justert kvart år tilsvarande prosentauka i møtegodtgjersla.

### § 5 Arbeidsgodtgjering

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjering for sitt arbeid etter følgjande satsar:

Verv	Godtgjering i % av ordførar si godtgjersle.
a) Kommunestyremedlemmer	1 % per år
b) Formannskap, plan- og økonomiutvalet	5 % per år
c) Medlemmer i utval for bygdeutvikling og i utval for levekår	2 % per år
d) Leiar i utval for bygdeutvikling og i utval for levekår:	3 % per år
e) Medlemmer i røystestyre	0,15 % per møte
f) Leiar i røystestyre	0,24 % pr møte
g) Møtande varamedlemmer for alle organ	0,075% per møte
h) Andre utval, nemnder og råd	0,075 % per møte
i) Utvalsleiarar i andre utval, nemnder og råd	0,12% per møte

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle etter første ledd for meir enn eitt møte pr dag.

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjering etter første ledd ved deltaking på kurs, konferansar eller representasjonsoppdrag i eksterne møter.

Det vert ikkje gjeve godtgjersle til andre enn direkte eller indirekte folkevalde medlemmer og varamedlemmer.

Fast årleg godtgjering etter første ledd vert redusert med 50 % ved deltaking i mindre enn 2/3 av tal avvikla møter i løpet av kalendaråret.

Varamedlem som tek del i minst 1/3 av møta i løpet av eit kalendarår, har rett til 50 % av den faste godtgjersla. Eit varamedlem som deltek i minst 2/3 av møta, har full rett til fast godtgjersle

Har eit medlem permisjon frå organet i minst tre kalendermånader i samanheng, vert det føreteke høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

### **§ 6 Godtgjering ved frikjøp**

Folkevalde som vert frikjøpt frå ordinært arbeid, mottok ei fast godtgjering i staden for dekking av tappt inntekt etter § 4, 3. ledd og arbeidsgodtgjering etter § 5.

Ordførar vert frikjøpt i 100 % stilling. Ordførar si godtgjering vert fastsett til 90 % av godtgjersle til stortingsrepresentantane.

Varaordførar vert frikjøpt i 20 % stilling. Varaordførar si godtgjering vert fastsett til 20 % av ordførar si godtgjering.

### **§ 7 Ettergodtgjering**

Ordførar har etter søknad, rett til ettergodtgjering i inntil 3 månader ved fråtreiding av vervet.

Søknad om ettergodtgjering vert avgjort av rådmannen.

Retten til ettergodtgjering vert avkorta mot annan inntekt etter reglane i kommunelova § 8-6 andre og tredje ledd.

### **§ 8 Pensjonsordning**

Ordførar har rett til permisjon i tråd med kommunen si pensjonsordning for folkevalde.

### **§ 9 Rett til sjukepengar**

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysseletjing, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen.

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarande full godtgjersle i arbeidsgjevarperioden frå den fyrste til den sekstende sjukedagen, jf. folketrygdlova § 8-19.

Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks ganger grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepeng frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

### **§ 10 Rettar ved yrkesskade**

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysseletjing, skal meldast inn i kommunen si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggforsikringar som gjev tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade

### **§ 11 Permisjonar**

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysseletjing, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15.

Søknad om permisjon blir avgjort av formannskapet.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre han eller ho gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommune

### **§ 13 Årleg regulering**

Godtgjersle vert regulert i høve regulering av godtgjersla til stortingsrepresentantane.

Dei kommunale godtgjerslene vert regulert med verknad frå 1. januar kvart år. Ein nyttar då fastsatt godtgjersle til stortingsrepresentantane pr. 1. mai frå føregåande år.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2021.



# REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

<b>INNLEIING</b> .....	2
<b>A MØTEGODTGJERSLE</b> .....	2
A 1 GENERELT .....	2
A 2 MØTEGODTGJERSLE.....	2
A 3 DELTAKING PÅ KURS, KONFERANSAR O.L.....	2
A 4 REPRESENTASJON I EKSTERNE MØTE .....	2
<b>B FAST ÅRLEG GODTGJERSLE</b> .....	2
B 1 GENERELT .....	2
B 2 ORDFØRER .....	3
B 3 VARAORDFØRER.....	3
B 4 FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET.....	3
B 5 LEVEKÅRSUTVALET .....	3
B 6 FASTE MEDLEMMER AV KOMMUNESTYRET .....	3
<b>C TAP AV INNTEKT</b> .....	3
C 1 GENERELT .....	3
C 2 LEGITIMERT TAP AV INNTEKT .....	3
C 3 ULEGITIMERT TAP AV INNTEKT .....	4
<b>D KOMMUNALT REISEREGULATIV</b> .....	4
<b>E REDUKSJONAR I GODTGJERSLE VED FRAVÆR</b> .....	4
<b>F ANNA</b> .....	4

## **INNLEIING**

Reglementet gjeld godtgjersle til politisk valde medlemmer av faste utval, komitear, styre og råd.

Reglementet er basert på at folkevalde får godtgjersle for kvart delverv vedkommende er vald til.

Møtegodtgjersle og tap av inntekt er innberetningspliktig og skattepliktig.

## **A MØTEGODTGJERSLE**

### **A 1 Generelt**

Som møte vert rekna:

- Frammøte etter innkalling frå leiar/sekretariat når utvalet skal handsama saker
- Frammøte etter innkalling frå leiar/sekretariat når utvalet skal føreta synfaring

Når det gjeld møtegodtgjersle for medlemmer i utval som er personidentiske og held møte same dag, skal det betalast ut møtegodtgjersle som om ein deltok på eit møte (døme: valstyret og formannskapet).

Møtegodtgjersle blir berre utbetalt til politisk valde medlemmer.

Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle til tilsette som møter i utval og nemnder i kraft av si stilling.

### **A 2 Møtegodtgjersle**

I utval der det er møtegodtgjersle pr møte, vert godtgjersla slik:

Utvalsleiar	1,2 ‰ av ordførargodtgjersla
Medlemmer	0,75 ‰ av ordførargodtgjersla
Møtande varamedlemmer	0,75 ‰ av ordførargodtgjersla

### **A 3 Deltaking på kurs, konferansar o.l.**

Medlemmer av folkevalde organ som deltek på kurs eller konferansar får dekka reiseutgifter og eventuelt tap i inntekt. Det vert ikkje betalt ut møtegodtgjersle.

### **A 4 Representasjon i eksterne møte**

Medlem som er beden om å representere kommunen i eksterne møte, får dekka reiseutgifter og eventuelt tap av inntekt.

## **B FAST ÅRLEG GODTGJERSLE**

### **B 1 Generelt**

Fast årlig godtgjersle vert utbetalt til ordførar, varaordførar, faste medlemmer i formannskapet, faste medlemmer i levekårsutvalet og faste medlemmer i kommunestyret.

Den faste godtgjersla vert utbetalt 4 gonger i året med unntak av ordføraren si godtgjersle som vert utbetalt kvar månad. Godtgjersla er innberetningspliktig og skattepliktig.

## **B 2 Ordfører**

Ordføreren si godtgjersle skal vere 85% av stortingsrepresentantane si løn i 2009. Frå 2010 skal ordføreren si godtgjersle vera 90% av stortingsrepresentantane si løn og skal følgja lønsutviklinga for stortingsrepresentantane.

Ordføreren skal ha dei same rettar som kommunalt tilsette ved sjukdom.

Ordføreren skal vere tilslutta HTA kap. 1 § 10: Ytelsar etter dødsfall/ gruppelevsforssikring.

Ordførar vert gitt ettergodtgjersle i 1 ½ månad dersom vedkomande trer inn i ny stilling etter valperioden eller 3 månader dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling etter valperioden.

Ordførar skal vere medlem i pensjonsordninga for folkevalde (kl § 43)

## **B 3 Varaordfører**

Frå 2012 skal varaordførar ha godtgjersle tilsvarande 20% av ordførargodtgjersla pr. år

## **B 4 Formannskap/plan- og økonomiutvalet**

Formannsapsmedlemmene skal ha godtgjersle tilsvarande 5% av ordførargodtgjersla pr. år. Det vert ikkje utbetalt godtgjersle pr. møte.

## **B 5 Levekårsutvalet**

Leiaren skal ha godtgjersle tilsvarande 3% av ordførargodtgjersla pr. år. Medlemmene i utvalet skal ha godtgjersle tilsvarande 2% av ordførargodtgjersla pr. år. Det vert ikkje utbetalt godtgjersle pr. møte.

## **B 6 Faste medlemmer av kommunestyret**

Kommunestyremedlemmene skal ha godtgjersle tilsvarande 1% av ordførargodtgjersla pr. år. Det vert ikkje utbetalt godtgjersle pr. møte.

## **C TAP AV INNTEKT**

### **C 1 Generelt**

Hvis folkevalde si deltaking i kommunale møte medfører tap av inntekt, skal det gjevast erstatning. Det skal skiljast mellom

- legitimert tap
- ulegitimert tap

### **C 2 Legitimert tap av inntekt**

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med den timeløna vedkomande har i ordinært arbeid hjå arbeidsgjevar for dei fråværstimar vedkomande får ved møtedeltaking.

Sjølvtendig næringsdrivande får godtgjort legitimerede utgifter i den tida dei er borte frå arbeidsstaden grunna møtedeltaking.

For å få utbetalt tapt arbeidsforteneste, må det setjast fram krav på skjema som kommunen har arbeidd ut. Den tapte inntekta skal dokumenterast/legitimerast tilfredsstillande;

- For arbeidstakarar skal legitimasjon liggja føre i form av erklæring frå arbeidsgjever om at fråveret vil medføre lønstap, og størrelsen på tapet inklusive feriepengar.
- For sjølvtendig næringsdrivande vert likningsattest nytta som legitimasjon.

### **C 3 Ulegitimert tap av inntekt**

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 150 pr time avgrensa oppover til 1,2‰ av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

Dersom det blir reist krav om erstatning for ulegitimert inntektstap, må tapet sannsynleggjerast. Erstatning for ulegitimert inntektstap vert berre utbetalt til folkevalde som faktisk forsømmer sitt arbeid på grunn av vervet.

### **D KOMMUNALT REISEREGULATIV**

Folkevalde medlemmer har rett til skyss- og kostgodtgjersle etter reglene i det kommunale reiseregulativet.

### **E REDUKSJONAR I GODTGJERSLE VED FRAVÆR**

Dersom eit medlem som mottar fast godtgjersle deltar i mindre enn 2/3 av det antall møte utvalet har i løpet av kalenderåret, vert den faste godtgjersla redusert med 50 %.

Dersom eit varamedlem deltar i minst 1/3 av utvalet sine møte, har vedkommende rett til 50 % av den faste godtgjersla. Eit varamedlem som deltar i minst 2/3 av møta, har rett til full fast godtgjersle.

Har eit medlem permisjon frå kommunestyret i minst tre kalendermånader i samanheng, vert det føreteke høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

### **F ANNA**

Nemndleiar/sekretær i kvar nemnd (utanom dei som får fast godtgjersle) skal syta for at skjema for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter vert fylt ut og levert fellestenesta etter kvart møte.



---

# Notat

---

Til  
Kopi til:


Saksbehandlar: Stab/Lin Tove Thomassen  
Vår referanse: 19/1344 - 20/8706  
Dato: 25.09.2020

---

## Emne: Grunnlag for samanlikning av ulike satsar i ulike kommunar


Samanlikningskommunar: Modalen, Voss, Osterøy, Kvam, Alver, Selbu og Etne

### Maks sum for tapt godtgjersle – legitimert pr møte




Stolpediagram 1: Vaksdal, Kvam og Etne har ikkje sett makssum for tart legitimert godtgjersle. Osterøy, Voss, Alver, Selbu og Modalen har sett makssum på i underkant av kr 3000 til kr 5000.

## Maks sum for tapt godtgjersle- ulegitimert pr møte




Stolpediagram 2: Etne kommune hadde ikkje oppgeve spesifikk sum i sitt reglement.

## Omsorgsutgifter pr møte




Stolpediagram 3: Vaksdal kommune er den einaste kommunen av samanlikningskommunane som ikkje har med omsorgsutgifter i sin kommune. Kvam og Selbu har ikkje sett ein makssum og dekker utgifter ut frå dokumentasjon og vert derfor sett opp med 0.

## Fast godtgjersle/per møte for medlemmer i kommunestyret pr år (8 møter)




Stolpediagram 4: Vaksdal og Osterøy kommunar gjev fast møtegodtgjersle. Voss, Kvam, Etne, Selbu og Modalen gjev godtgjersle pr møte. I Vaksdal har vi i 2020 8 møter. For å få eit samanlikningsgrunnlag har vi sett opp godtgjersle for 8 møter for kommunar som gjev sum pr møte. Alver kommune gjev både fast godtgjersle, samt pr møte, slik at summer gjeld fast godtgjersle+ 8 møter.

## Fast godtgjersle/per møte for medlemmer i formannskapet pr år (12 møter).




Stolpediagram 5: Vaksdal, Osterøy og Voss gjev fast årleg godtgjersle. Alver gjev både fast godtgjersle samt per møte. Resterande kommunar gjev godtgjersle pr møte. For å få fram eit samanlikningsgrunnlag, har alle kommunane som gjev ein sum per møte lag inn med 12 møter (inkl. Alver).

### Fast godtgjersle/per møte for medlemmer i hovudutval pr år (8 møter)



Stolpediagram 6: Vaksdal og Osterøy gjev fast årleg godtgjersle. Alver gjev både fast godtgjersle samt per møte. Resterande kommunar gjev godtgjersle pr møte. For å få fram eit samanlikningsgrunnlag, har alle kommunane som gjev ein sum per møte lag inn med 8 møter (inkl. Alver). Modalen har ikkje hovudutval.


### Fast godtgjersle/per møte for leiarar i hovudutval pr år (8 møter)



Stolpediagram 7: Vaksdal, Osterøy, Voss, Alver, og Etne gjev fast årleg godtgjersle. Selbu gjev både fast årleg godtgjersle og per møte. Kvam gjev godtgjersle pr møte og det er lagt inn frekvens med 8 møter. Modalen har ikkje hovudutval.



## Møtegodtgjersle for organ som ikkje mottek fast godtgjersle, pr møte



Stolpediagram 8: Alle kommunar har oppgjeve ein fast godtgjerslesum for eitt møte.

Med helsing

Lin Tove Thomassen  
Politisk sekretariat